



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 999 640 052
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: GRANVIN KULTURHUS AS
Forretningsadresse: Nyveg 16
3840 SELJORD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Gunnar Eilefstjønn
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 11.04.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 17.05.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Driftsinntekter	2	7 084 164	6 260 097
Sum inntekter		7 084 164	6 260 097
Kostnader			
Varekostnad		281 133	253 458
Lønnskostnad	3, 4, 7	3 654 582	2 992 228
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle eigendelar	6	1 024 207	950 516
Annen driftskostnad	2, 7	1 885 845	1 831 348
Sum kostnader		6 845 767	6 027 550
Driftsresultat		238 397	232 547
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		2 182	7 468
Annan finansinntekt		14 511	
Sum finansinntekter		16 693	7 468
Annan rentekostnad		256 162	316 219
Sum finanskostnader		256 162	316 219
Netto finans		-239 469	-308 751
Ordinært resultat før skattekostnad		-1 072	-76 204
Ordinært resultat etter skattekostnad		-1 072	-76 204
Årsresultat	10	-1 072	-76 204
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-1 072	-76 204
Totalresultat		-1 072	-76 204
Overføringer og disponeringar			
Overført frå overkursfond		-1 072	-76 204
Sum overføringer og disponeringar		-1 072	-76 204



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
---------------------	-------------	-------------	-------------



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Kunst, tomter og annan fast eigendom	6	538 876	541 476
Bygg og anlegg	6	18 320 164	19 783 720
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	2, 6	948 975	1 059 500
Sum varige driftsmiddel	6, 8	19 808 015	21 384 696
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjar og lutar	1	5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmiddel		5 000	5 000
Sum anleggsmiddel		19 813 015	21 389 696
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer		45 497	34 210
Krav			
Kundefordringar		443 596	313 479
Andre fordringar		-97 834	36 650
Sum krav		345 762	350 129
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	1 929 638	1 071 458
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 929 638	1 071 458
Sum omløpsmiddel		2 320 897	1 455 797
SUM EIGEDELAR		22 133 912	22 845 493

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Eigenkapital			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital	9, 10	4 094 000	4 094 000
Overkurs	10	129 804	130 876
Sum innskoten egenkapital		4 223 804	4 224 876
Opptent egenkapital			
Annen egenkapital	10		
Udekt tap	10		
Sum egenkapital	10	4 223 804	4 224 876
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8	16 716 040	17 427 360
Sum anna langsiktig gjeld		16 716 040	17 427 360
Sum langsiktig gjeld	8	16 716 040	17 427 360
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		68 336	199 229
Skattetrekk og andre trekk		356 561	409 528
Annan kortsiktig gjeld		769 172	584 500
Sum kortsiktig gjeld		1 194 069	1 193 257
Sum gjeld		17 910 109	18 620 617
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		22 133 913	22 845 493



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2022 204163

Enheten

Organisasjonsnummer: 999 640 052
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: GRANVIN KULTURHUS AS
Forretningsadresse: Nyveg 16
3840 SELJORD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Gunnar Eilefstjønn
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 11.04.2022

Revisjon

Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern
autorisert regnskapsfører: Ja
Ekstern autorisert regnskapsfører har i
løpet av regnskapsåret bistått ved den
løpende regnskapsføringen eller utført
andre tjenester for selskapet enn å
utarbeide årsregnskapet: Ja

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 05.05.2022



Organisasjonsnr: 999 640 052
GRANVIN KULTURHUS AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Driftsinntekter	2	7 084 164	6 260 097
Sum inntekter		7 084 164	6 260 097
Kostnader			
Varekostnad		281 133	253 458
Lønnskostnad	3, 4, 7	3 654 582	2 992 228
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle eigendelar	6	1 024 207	950 516
Annen driftskostnad	2, 7	1 885 845	1 831 348
Sum kostnader		6 845 767	6 027 550
Driftsresultat		238 397	232 547
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		2 182	7 468
Annan finansinntekt		14 511	
Sum finansinntekter		16 693	7 468
Annan rentekostnad		256 162	316 219
Sum finanskostnader		256 162	316 219
Netto finans		-239 469	-308 751
Ordinært resultat før skattekostnad		-1 072	-76 204
Ordinært resultat etter skattekostnad		-1 072	-76 204
Årsresultat	10	-1 072	-76 204
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-1 072	-76 204
Totalresultat		-1 072	-76 204
Overføringer og disponeringar			
Overført frå overkursfond		-1 072	-76 204
Sum overføringer og disponeringar		-1 072	-76 204



Organisasjonsnr: 999 640 052
GRANVIN KULTURHUS AS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Kunst, tomter og annan fast eigendom	6	538 876	541 476
Bygg og anlegg	6	18 320 164	19 783 720
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	2, 6	948 975	1 059 500
Sum varige driftsmiddel	6, 8	19 808 015	21 384 696
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjar og lutar	1	5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmiddel		5 000	5 000
Sum anleggsmiddel		19 813 015	21 389 696
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer		45 497	34 210
Krav			
Kundefordringar		443 596	313 479
Andre fordringar		-97 834	36 650
Sum krav		345 762	350 129
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	1 929 638	1 071 458
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 929 638	1 071 458
Sum omløpsmiddel		2 320 897	1 455 797
SUM EIGEDELAR		22 133 912	22 845 493
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	9, 10	4 094 000	4 094 000
Overkurs	10	129 804	130 876
Sum innskoten eigenkapital		4 223 804	4 224 876



Opptent egenkapital			
Annen egenkapital	10		
Udekt tap	10		
Sum egenkapital	10	4 223 804	4 224 876
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til			
kredittinstitusjonar	8	16 716 040	17 427 360
Sum anna langsiktig gjeld		16 716 040	17 427 360
Sum langsiktig gjeld	8	16 716 040	17 427 360
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		68 336	199 229
Skattetrekk og andre trekk		356 561	409 528
Annan kortsiktig gjeld		769 172	584 500
Sum kortsiktig gjeld		1 194 069	1 193 257
Sum gjeld		17 910 109	18 620 617
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		22 133 913	22 845 493



Organisasjonsnr: 999 640 052
GRANVIN KULTURHUS AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Tal på aksjar og aksjeeigarar

Note

2

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:

6.00

Omløpsmiddel Startdato Sluttdato Endring

Skattemessig fremf.undersk. Startdato Sluttdato Endring

Kortsiktig gjeld Startdato Sluttdato Endring



Årsrekneskap 2021
GRANVIN KULTURHUS AS

Rapport fra styret
Resultatregneskap
Balanse
Noter til regneskapen

Org.nr.: 999 640 052



ÅRSMELDING GRANVIN KULTURHUS AS 2021

Org. nr: 999 640 052

ARTEN AV VERKSEMMA OG KVAR DEN DRIVAST

Granvin kulturhus er eit aksjeselskap eigd av Seljord kommune(28,55%), private aksjeeigarar(26,66%), Seljord Idrettslag (22,39%) og Seljord Ungdomslag (22,39%). Kulturhuset har status som regionalt kulturhus og er lokalisert i Seljord. Føremålet til selskapet er å eige, drive og utvikle Granvin kulturhus.

Styret og styrearbeid 2021

Styresamansetjing:

Styreleiar: Gunnar Eilefstjønn
Aksjeeigarane

Nestleiar: Irene Kåsa
Aksjeeigarane

Styremedlem: Hans Inge Hagen
Seljord idrettslag

Styremedlem: Anne Brit Flatin Borgen
Seljord ungdomslag

Styremedlem: Asbjørn Storrusten
Seljord kommune

Sekretær for styret er dagleg leiar.

Styremøte

Styret har i 2021 hatt 8 styremøte og har i alt handsama 47 saker i Granvin kulturhus AS.

Rett bilete

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Framleis drift

Føresetnaden for å halde fram drifta er til stades, og årsrekneskapen for 2021 er sett opp under denne føresetnaden. Styret legg fram eit budsjett for 2022 som manglar 250.000,- for å komme i balanse. Selskapet har hatt store utfordringar med tanke på restriksjonar knytt opp mot pandemien. I tillegg vart det store kutt i det kommunale driftstilskotet frå 2020 til 2021. Vest-Telemark vidaregåande avdeling Seljord blir lagt ned frå sumaren 2022, som medfører ei mindreinntekt i leige av idrettshallen på om lag 200.000,- årleg. Selskapet er og sårbart på grunn av dei uvanleg høge straumprisane som kom i slutten av 2021. Om dei prisane fortsett i 2022 og det i tillegg kjem ei auke av styringsrenta, som det er spådd vil, det være veldig uheldig for den økonomiske stoda.



STRATEGI

Visjonen til Granvin kulturhus er: Den leiande møteplass for kultur og idrett.

*Verdiane er : Fleksible og nyskapande
Pålitelege og inkluderande*

ORGANISASJON OG BEMANNING

Dagleg leiar har alt personal- og økonomiansvar ved Granvin kulturhus & Sterke-Nils senteret.

Opningstidene var i heile 2021 slik:

Måndag til torsdag 8:00 – 22:00

Fredagar 8:00 – 15:00

Laurdag og sundag berre ope ved arrangement.

Granvin kulturhus følger skuleruta, i samband skuleferiar etc..

Sterke-Nils aktivitetssenter er ope for individuell trening alle dagar og i feriane mellom 05:00-23:00.

Biblioteket har eigne opningstider i feriane.

KORONA

2021 var eit år kor restriksjonar var ein stor del av kvardagen på all drift ved Granvin og Sterke-Nils senteret. I løpet av året presenterte den sitjande regjeringa fleire endringar som handla om kor mange det kunne være på arrangement, kurs/møter og på gruppetrening fram til dei opna opp samfunnet igjen 25. september. Det har vore ei utfordring å følgje med på og i tillegg forklare reglar og forskrifter til besøkande, brukarar av huset, publikum og medlem på Sterke-Nils senteret.

Granvin kulturhus har ikkje i 2021 vore stengt eller avlyst arrangement sjølve. Det har enten vært Bygdekinoen, Teater Ibsen, Riksteatret eller andre aktørar som har avlyst sine arrangement. Det har heile året vært mogleg å gjennomføre aktivitet for Seljord idrettslag, SUL og Seljord kommune, om ikkje smittevernreglar har lagt føringar som gjorde det vanskeleg eller ulovleg.

Granvin kulturhus er stolte av å ha bidratt til smittereinhold for skulane utan å søkje Seljord kommune om ekstra kompensasjon for dette. Mange timar har gått med kor tilsette har stått ved kvar sin garderobe klare til å smittevaske den når ei klasse er ferdig, før ei ny klasse eller medlem ved Sterke-Nils senteret skal inn og skifte.

Då festivalane og Dyrsku'n vart avlyst for andre året på rad, og i tillegg restriksjonar på alle avdelingar, vart det bestemt at alle tilsette skulle permitterast heile sommaren. Dei tilsette ved Sterke-Nils frå 31. mai og resten frå 16. juni. Permitteringa varte fram til 16. august.



PERSONAL

Den faste bemanninga på heile organisasjonen utgjorde totalt 6,0 årsverk. I tillegg kjem instruktørane ved Sterke-Nils senteret på 0,3 årsverk.

Fordelinga er slik:

- Sterke-Nils, ei 50% stilling og ei 100 % stilling. Gruppetimeinstruktørar på timebasis, som utgjør omtrent ei 30 % stilling.
- Reinhold, ei 50% stilling og ei i 80% stilling.
- Ved kulturdelen, fagansvarleg teater, arrangement og kjøkken 40%, kulturhusvert på kveld 80%
- Vaktmeister/kulturhusvert er tilsett i 100% stilling.
- Dagleg leiar er tilsett i 100 % stilling.
- Det blir leigd inn ekstrahjelp i samband med helgearbeid som, handballkampar, kino, teater, konsertar og ved større tilstellingar og festar.

Sjukefråværet har i 2021 vore på 9 %. Dette kan forklarast med 2 stk. langtidssjukemelde personar, begge i 100% stilling. Ingen av sjukemeldingane har tilknytning til arbeidsmiljø eller arbeidsforhold.

Bedriftshelsen har gjennomført pålagt helseundersøking av alle tilsette i 2021. Konklusjonen frå Bedriftshelsen er: *«De ansatte forteller om en trivelig arbeidsplass, med en åpen tone, ett godt miljø, trivelige kolleger og en god leder. Viktig å ta vare på og jobbe videre med arbeidsmiljøet, det kommer ikke av seg selv».*

HMS

- Det er ikkje meldt om skader eller ulykker i meldingsåret.
- Selskapet søker å fylgje opp sine plikter innan HMS.
- Oppfølging av offentlege krav og lovverk vert prioritert.
- Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.
- Krankkontrollen gjennomførte sin årlege kontroll i kinosalen og idrettshallen i mars 2021.
- Granvin kulturhus er medlem av Bedriftshelsen AS
- Granvin er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen VIRKE
- Det blir arrangert jamlege personalmøte.
- Ny avtale om årleg førstehjelpskurs med firma: Førstehjelps kompetanse AS.
- Selskapet har innarbeidd rutinar som tar sikte på at tilsette har same arbeidsvilkår. Med tanke på etnisitet, kjønn, alder og funksjonsnivå.
- Styret har ut frå ei samla vurdering ikkje funne det nødvendig å sette i drift spesielle tiltak med omsyn til likestillinga.

Part:	Kvinner	Menn
Styret	40%	60%
Tilsette	50%	50%



ØKONOMI OG ØKONOMIFORVALTNING

Styret er til ei kvar tid pålagt å halde seg oppdatert på selskapets økonomiske situasjon. Derfor vert den økonomiske stoda og rekneskapen sett på dagsorden på kvart styremøte og vurdert løpande gjennom året. Rekneskapen blir utført av Seljord Regnskapsservice. Økonomien for 2021 har vore utfordrande og det er fleire grunnar til dette. Hovudårsaken er pandemien med alle restriksjonane pålagt kulturhus og treningssenter. I tillegg har Seljord kommune kuttet kraftig i tilskot til kulturhuset. I 2020 var tilskot på 460.000,- og i 2021 fekk Granvin 100.000,- til å oppretthalde kinodrift. Vest-Telemark vidaregåande avd. Seljord gjekk frå 6 timar pr. veke til 2 timar pr. veke frå august og sa opp avtale om bruk av idrettshallen frå juni 2022. Samarbeidsavtala for 2021 med Seljord kommune vart signert ikkje signert før 4. mai av Rådmann. Dette skapte utryggleik og Granvin måtte til slutt be om eit forskot slik at løn til tilsette og lån til Kommunalbanken vart betalt i tide. I desember 2021 underteikna rådmann og dagleg leiar ei ny samarbeidsavtale, som begge partar var nøgde med. Denne avtala sikrar den kommersielle drifta og gjeld fram ein av partane seier den opp. Oppseiingsfrist er 12 månader.

Dei to siste månadane i 2021 fekk Granvin kjenne at høg straumpris kan være ei økonomisk utfordring. Det var verkeleg i «grevens tid» at det vart installert «Datavaktmester» i 2020. Ei renteauke frå Kommunalbanken på totalt 0.65 prosentpoeng hausten 2021 har auka denne økonomiske belastninga.

Selskapsforma Granvin kulturhus har som aksjeselskap med skattefritak vore ei utfordring med tanke på støtte og refusjonar i pandemien. Nesten alle refusjonsordningar krev at firmaet skattar til Noreg og då fell Granvin ut av ordninga. Om vi hadde endra dette og blitt skattepliktige ville det få konsekvensar for eigarane med tanke på formue på likninga og Granvin ville heller ikkje kunne søkje om å bruke tippemidlar til ulike formål og vi fell utanfor mange frivillige stønadsordningar. Spørsmålet om skatteplikt eller ikkje, vart behandla i styremøte 18. oktober i sak 38/21. Vedtaket då vart; «på noverande tidspunkt vert det ikkje aktuelt med vedtektsendring.»

Styret er også ansvarleg for at selskapet har ein forsvarleg eigenkapital og likviditet. Jf. Aksjelova § 3-4, som lyder: «Selskapet skal til enhver tid ha en egenkapital og en likviditet som er forsvarlig ut fra risikoen ved og omfanget av virksomheten i selskapet.»

Styret, saman med dagleg leiar, legg opp til ei målretta og kostnadseffektiv drift, for å halde likviditeten tilfredsstillande. Årets underskot på 1 072,- medfører redusert eigenkapital, som pr. 31.12.21 er på kr. 4.223 804,-. Overkursfondet då Granvin kulturhuset vart gjort om til aksjeselskap i 2013, synte kr. 1 016 000,- er no på kr. 129 804.



AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

Kurs og møte

Det har i periodar vært greitt med kurs og møter då Granvin har stor plass til å gjennomføre med tanke på dei smittevernsreglane som har vært gjeldande til ein kvar tid. All mat servert er i hovudsak laga på huset av Granvins egne tilsette. Dette er vurdert og kalkulert til å vera det mest lønsame for bedrifta, og sikrar god kvalitet på maten. Vi ser mange er nøgde og kjem atende etter besøk til Granvin kulturhus.

Kiosk

Kiosken er i hovudsak i drift ved kino og arrangement, men vi ser eit auka behov for kioskvarer av dei som sit og ventar på trening eller kulturskuletimar. Vi har ei avtale med Aasmundsen Bakeri om at vi kan hente kaker der når dei stenger og selje dei i kiosken. Denne ordninga blir berre nytta ved større arrangement.

FRAMSYNINGAR OG KONSERTAR

Riksteatret med 5 teaterstykke planlagt i 2021.

- 7. mars med Pang, som vart avlyst. Dette pga. at Krankkontrollen ikkje hadde vært her i februar for og godkjenne riggen. Dei fekk ikkje lov og komme etter vi tok kontakt med legesenteret. Krankkontrollen held til i Lillestrøm som høyrte til ein av dei stengte kommunane etter at oppdaga Beta- varianten vart oppdaga.
- 8. april med Høna, egget og reven. Avlyst pga. smitterestriksjonar.
- 23. april med Eg snakkar om eg snakkar om det heile tida. Avlyst pga utfordringar med prøver hos Riksteatret.
- 25. oktober med Detektivbyrå nr. 2 – Operasjon Teater. Smekk full sal
- 17. oktober med Don Quijote. 67 stk. i salen. Dårlegaste besøk nokon gong for Riksteatret

Teater Ibsen med 3 teaterstykke planlagt i 2021.

- 14. april med Arbeiderpartiet The Musikal. Avlyst
- 24. september med Refusert av Tommy Sørbo. 35 stk.
- 25. november med Kunst. 21 stk.

Bygdekinoen besøkte Granvin 18 gonger i 2021 og det er vist 53 filmar. Det var 1053 publikummarar på desse filmanc. Publikumsvinnaranc var Askepott og Verdens verste menneske.

Andre arrangement

- UKM 2021-Avlyst
- Norsjø kammermusikkfest 28. april
- Kongsdøttane -Vinje barneteater 20. juni
- Eventyrleg Amorøs – SFHS
- Lena og Ruben, via Lalla og Rose
- Seljordkappleiken 2021: Minnekonsert for Olaf Bergland
- Burns på Dialekt 28. oktober- endeleg etter å ha vært utsett
- Rui-jentene 19. november – endeleg etter å ha vært utsett



Billettsal:

Det vart selt 1880 billetter på kulturarrangement og omsetninga var på 311.000,- . Om ei legg til Bygdekino så er det totalt selt 2933 billetter, som gir ei omsetning på 414.000,- i 2021 Dette er nesten dei same tala som i 2020.

Sal av arrangements- og kinobilletter blir i hovudsak selde på nettsida granvinkulturhus.no gjennom eBillett, eller med app. Men vi sel og billetter i kiosken gjennom kasse-systemet DX.

Anna aktivitet

17. mai, Hallovenn og juletreffesteven slik den er i normalår vart avlyst.
Overnatting av tilsette og vakter under festivalane vart avlyst.
Dyrsku'n avlyst for andre gong, så det var heller ikkje camping på Granvin.

Det har vært øvingar, treningar og møteverksemd, men mykje vart avlyst pga smittevernsrestriksjonar. Desse øver eller møter fast på Granvin:

- Seljord idrettslag
- Seljord songlag
- Seljord folkemusikklag
- Leikarringen
- Seniordans
- Seljord skulemusikk
- Seljord kulturskule.

I Idrettshallen er det generelt stor aktivitet gjennom heile året, både på dagtid og kveldstid. Det er Seljord barneskule, Seljord Ungdomsskule og Vest-Telemark vidaregåande skule avdeling Seljord og Seljord Idrettslag som står for det meste av aktiviteten i hallen.

BIBLIOTEK

Både barne og ungdomsskulen besøker biblioteket ofte i skuletida. Barnhagane er og ofte på besøk og kombinerer dette gjerne med eit måltid i Vestibyleen. Biblioteket har mange flotte arrangement på kveldstid, og nokre er i samarbeid med kulturhuset.
Her er tal frå bibliotekleiar .

Seljord bibliotek 2021

Utlån og besøk:

Totalt utlån 2021: 14 394 , ei auke på ca 13 % frå året før.

Totalt besøk 2021: 12 106, ei auke på ca 14 %.

*Biblioteket har trass diverse koronarestriksjonar klart å halde vanlege opningstider gjennom heile året. Besøk og utlån har gått noko opp, men er framleis prega av koronasituasjonen.
4.oktober opna me «Bok på bui», ein liten sjølvbetent filial på Joker i Flatdal.*



Biblioteket har gjennomført 22 arrangement. Av disse var sju skulebesøk i Flatdal og Seljord med litteraturformidling, og seks av dei var ein del av Digihjelpen i samarbeid med Frivilligsentralen.

STERKE-NILS SENTERET

Sterke-Nils senteret starta 2021 med restriksjonar. Det var maks 10 stk. på gruppetimar og forsterka reinhald ved heile senteret. Pandemien har utfordra treningsbransjen og dette har Sterke-Nils senteret verkeleg erfart. Vi var nede i 309 aktive medlemar i ei perioide og det er det lågaste i Sterke-Nils si historie. Dette utgjør over 50000,- i tapt omsetning om ein saman-liknar med ein «normal» månad.

For å kunne halde ope og drifte treningssenteret måtte vi følgje dei same forskriftsfesta reglane som vart innført i 2020. Her er nokre av dei:

- Bransjestandard for treningssenter vert følgd.
- Maks deltakarar på gruppetimar 10 stk.
- Registrering av alle som trenar med tanke på smittesporing
- Alle som trena må vaske treningsapparat før og etter bruk
- Forsterka reinhald av utstyr og garderobar

Sommaren 2021 var senteret berre opent for individuell trening. Siste gruppetime før sommaren vart heldt 18. juni og vi starta opp igjen 16. august. Garderobar valte vi å stenge av omsyn til smittespreiing.

25. september vart alle restriksjonar fjerna og senteret opna opp igjen for normal drift. Det var flott og kunne fjerne alle skilt om reinhald og avstand, men det tok litt tid før medlem kom tilbake på trening. Gleda var kortvarig for 7. desember vart det innført nye restriksjonar igjen og frå 15. desember vart det slutt på gruppetimar att og det var berre lovleg med individuell trening. Sterke-Nils senteret held ope for individuell trening heile jula til stor glede for mange medlem.

2020 var siste året med sponsorar for Sterke-Nils senteret. Det var på tide å skifte ut den gamle modellen då vi hadde fått tilbakemeldingar frå fleire bedrifter på at sponsering var vanskeleg. Vi kom opp med det nye tilbudet Reklamepartner. Det gjeng ut på at ei bedrift kjøper seg årleg reklameplass på Sterke-Nils og/eller Granvin sine public display. Vi har no 3 stk. på Sterke-Nils og 3 stk. i Vestibylene.

Det vart opna ubemanna VIPPS kiosk inne på Sterke-Nils i september. Her kan du få kjøpt drikke, preworkout og ulike energi- og proteinprodukt.

Rent senter

Senteret er sertifisert som Rent senter av Anti doping Norge. Fast tilsette har gjennomført nettbasert opplæring m/eksamen



LEIGETAKARAR

- Seljord kommune er Granvins største leigetakar og leiger lokalar på timebasis og fast til ulike føremål. Slik som; gym, kulturskule, ungdomsklubb, framsyningar, møte mm.
- Vest-Telemark vidaregåande skule, avd. Seljord leiger idrettshallen 2 timar i veka.
- Seljord Idrettslag leiger idrettshallen til sine aktivitetar og møterom med inntil 100 møter i året
- Seljord Ungdomslag med sine undergrupper leiger Gamlesalen til sine aktivitetar. Det gjeld Seljord Songlag, Seljord Spelemannslag og dansarlag, Tusseleiken og Kviteseid & Seljord leikarring.
- Seljord Folkehøgskule leiger kinosalen to gonger i året til sine musikalshow. Folkehøgskulen har og fleire som trener på Sterke-Nils. Vi støtter og FHS sitt spinning maraton i februar.
- Avtala om solarium som har stått i Buret i 2. etg. vart sagt opp, så frå 31.12.2021 er det ikkje lengre solarium på Granvin.

MARKNADSFØRING

I 2021 forsøkte vi noko nytt i samarbeid med Vest-Telemark Blad. Kvar fredag skal ei annonse med det som skjer på kulturhuset, Bygdekinoen, Sterke-Nils og Seljord Bibliotek stå på same plassen i VTB.. Vi har fått masse positive tilbakemeldingar på at dette er bra. Alle arrangement lagt ut på Facebook og Kva skjer i Vest-Telemark. I tillegg produserer vi ulike Instagram og Facebook innlegg både for Granvin og Sterke-Nils rundt ulike aktivitetar og arrangement.

Det vert og sendt inn forslag til redaksjonell omtale til Varden, TA og VTB.

Redaksjonell omtale i aviser vert samla i ei utklippsbok til glede for besøkande og for historia.

På www.granvinkulturhus.no ligg informasjon om alle arrangement og kino. Målet med nettsida er å gje publikum informasjon om kva som skjer på kulturhuset og å gjere billettsal enklare og meir tilgjengeleg for publikum

På www.sterkenils.no ligg informasjon om dei ulike medlemsskapa og timeplan for treningstidar. Du kan no ligge på sofaen heime og melde deg inn på Sterke-Nils senteret. Med det same du har meldt deg inn får du ein kode som du kan nytte på inngangsdøra slik at du kan starte å trene med ein gong.

Vi ser ein tendens til at publikum oftare chattar med oss på Messenger enn tidlegare.



DRIFT OG VEDLIKEHALD AV BYGG, UTEOMRÅDE OG UTSTYR

Granvin kulturhus har no ca. 5300 m² inneareal og uteområde med 10,5 mål grasplen. Bygningsmassen er stor og krev meir ressursar og vedlikehald år for år. Vedlikehaldsplanen, som vart utarbeidd i 2013 er eit nyttig verktøy i driftsansvarleg sitt daglege arbeid. Denne planen reviderast jamleg. Det er driftsansvarleg som har det vedlikehaldsmessige fagansvaret.

Sommaren 2020 vart Datavaktmesteren installert og alle lamper vart bytta til ledlamper med bevegelsessensor i fleire rom. Det kan no være interessant å sjå på ei oversikt over straumforbruket dei siste 3 åra. Vi kan no til ei kvar tid sjå og styre straumforbruket på heile bygget. Granvin kulturhus er varma opp ved bruk av straum, så vi ser at på kalde dagar gjeng forbruket til værs. Oversikta under syner eit mindreforbruk av kilowattimar etter at tiltak vart gjort i 2020. Om vi samanliknar 2019 som var eit år utan Datavaktmester og 2021 som er det første heile året med ser vi at forbruket av kWh nesten er halvert.

Forbruk 2019	695392 kWh
Forbruk 2020	393709 kWh
Forbruk 2021	367111 kWh

Vedlikehaldsarbeid og utbetringar i 2021

- Kilen Smie og Blikk har sjekka og utbetra taket på Idrrettshallen. Dette då dei meinte det var kapillæreffekt som gjorde at det var lekkasje frå taket.
- Det er sett inn ventilasjon i Gamlesalen ved Gunnar Karlsen. Er kopla til ventilasjonsanlegg i Vestibylene og styres av Datavaktmester.
- Ny varmpumpe i Gamlesalen. Blir styrt av Datavaktmester.
- Loftet ble pusset opp til kurs og møterom. Nytt lys, malt vegger og teppegolv.
- Granvin har ein vedlikehaldsplan som har vort fylgt.

Årleg service/kontroll utført:

- På alle apparat på aktivitetssenteret Sterke-Nils av Fitness Brands.
- På dei nye spinning syklane
- Alle sju ventilasjonsanlegg av Gunnar Karlsen.
- Brannalarm/naudljøs av Dyrud Elektro.
- På manuelle brannslukkeutstyr (slangar, pulver- og skumapparat)
- Skadedyrbekjempelse av Pelias.
- Gassanlegg kjøkken av Gass & rørservice


Oppsummering


2021 har vore eit utfordrande år, då både treningssenter og kulturhus har vort svært ramma av pandemien. Det har kome nye reglar og halde seg til rundt smittevern kvar 14. dag. Dette har det tatt mykje tid å tilrettelegge for. Då festivalane og Dyrsku'n vart avlyst for andre år på rad, vart dette «krise» for økonomien til kulturhuset. Besøket på kulturhuset har vort greitt og det vart gjennomført nokre konsertar og teaterstykke. Dei tilsette har vist vilje til endring og tilpassing på kort tid. Vi meiner vi kan sjå ein tendens mot at publikum har fått andre interesser enn å gå på kultur og fritidsaktivitetar. Det vil nok ta tid å koma tilbake til eit normalt kulturliv sjølv om vi kanskje snart ser ende på pandemien.




Seljord, 4/4-2022


I styret for Granvin kulturhus AS



Gunnar Eilefsjønn
styreleiar


Irene Kåsa
nestleiar


Ashjørn Storrusten
styremédlem


Anne Brit Flatin Borgen
styremédlem


Hans Inge Hagen
styremédlem


Geir Jensen
dagleg leiar



Resultatrekneskap			
GRANVIN KULTURHUS AS			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2021	2020
Driftsinntekter	2	7 084 164	6 260 097
Sum driftsinntekter		<u>7 084 164</u>	<u>6 260 097</u>
Varekostnad		281 133	253 458
Lønnskostnad	3, 4, 7	3 654 582	2 992 228
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle eigendelar	6	1 024 207	950 516
Annen driftskostnad	2, 7	1 885 845	1 831 348
Sum driftskostnader		<u>6 845 767</u>	<u>6 027 550</u>
Driftsresultat		<u>238 397</u>	<u>232 547</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		2 182	7 468
Annan finansinntekt		14 511	0
Annen rentekostnad		256 162	316 219
Resultat av finansposter		<u>-239 469</u>	<u>-308 751</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-1 072</u>	<u>-76 204</u>
Ordinært resultat		<u>-1 072</u>	<u>-76 204</u>
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Årsresultat	10	<u>-1 072</u>	<u>-76 204</u>
Overføringer			
Overført frå overkursfond		1 072	76 204
Sum overføringer		<u>-1 072</u>	<u>-76 204</u>









Balanse			
GRANVIN KULTURHUS AS			
Eigendelar	Note	2021	2020
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar			
Varige driftsmidler			
Kunst, tomter og annan fast eigendom	6	538 876	541 476
Bygg og anlegg	6	18 320 164	19 783 720
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	2, 6	948 975	1 059 500
Sum varige driftsmidler	6, 8	<u>19 808 015</u>	<u>21 384 696</u>
Finansielle driftsmiddel			
Investeringer i aksjar og lutar	1	5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmidler		<u>5 000</u>	<u>5 000</u>
Sum anleggsmidler		<u>19 813 015</u>	<u>21 389 696</u>
Omløpsmiddel			
Lager av varer og annan behaldning		<u>45 497</u>	<u>34 210</u>
Fordringar			
Kundefordringar		443 596	313 479
Andre fordringar		-97 834	36 650
Sum fordringar		<u>345 762</u>	<u>350 129</u>
Investeringer			
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	<u>1 929 638</u>	<u>1 071 458</u>
Sum omløpsmiddel		<u>2 320 897</u>	<u>1 455 797</u>
Sum eigendelar		<u>22 133 912</u>	<u>22 845 493</u>



Balanse			
GRANVIN KULTURHUS AS			
Egenkapital og gjeld	Note	2021	2020
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	9, 10	4 094 000	4 094 000
Overkurs	10	129 804	130 876
Sum innskutt egenkapital		<u>4 223 804</u>	<u>4 224 876</u>
Opptjent egenkapital			
Sum egenkapital	10	<u>4 223 804</u>	<u>4 224 876</u>
Gjeld			
Avsetning for plikter			
Annan langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	8	16 716 040	17 427 360
Sum annan langsiktig gjeld	8	<u>16 716 040</u>	<u>17 427 360</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		68 336	199 229
Skattetrekk og andre trekk		356 561	409 528
Annan kortsiktig gjeld		769 172	584 500
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 194 069</u>	<u>1 193 257</u>
Sum gjeld		<u>17 910 109</u>	<u>18 620 617</u>
Sum gjeld og egenkapital		<u>22 133 913</u>	<u>22 845 493</u>

Seljord, den 04. april 2022
Styret i GRANVIN KULTURHUS AS

 Gunnar Pilestjenn Styreleiar	 Irene Udal Kåsa Nestleiar	 Asbjørn Storrusten styremedlem
 Anne Brit Flatin Borgen styremedlem	 Hans Inge Hagen styremedlem	 Geir Anders Jensen Dagleg leiar

GRANVIN KULTURHUS AS Side 4



Noter

Granvin Kulturhus AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapan er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine føresegner og reglane som fylgjer av god rekneskapsskikk for små føretak.

Klassifisering

Eigendelar til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperiodens utgang er oppførde som langsiktig gjeld.

Varige driftsmiddel og avskrivningar

Varige driftsmiddel er vurdert til historisk kost etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er tufta på kostpris og forventa økonomisk levetid.

Aksjar

Omløpsaksjar er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi. Andre aksjar som er oppført i rekneskapan er ført til kostpris. I dei tilfelle der den verkelege verdien er lågare enn kostprisen og dette ikkje er forbigåande, er det gjort ei nedskrivning.

Varelager

Varelageret er vurdert til den lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er netto salsverdi på tidspunkt for framtidig sal. Kostprisen for tilverka varer er full tilverknadskost som også inkluderer ein del av indirekte og faste kostnader.

Fordringar

Fordringar er ført opp i balansen med pålydande for fordringane etter frådrag for konstaterte og venta tap.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader vert tekne med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsførde.

Skattekostnad og utsett skatt

Verksemda har ikkje erverv som formål og er friteken for formue- og inntektsskatt etter skattelova § 2-32 fyrste ledd, og vil såleis vere friteken for innsending av skattemelding.

Note 1 Aksjar i andre selskap.

	Tal på aksjar	Pålydande	Bokført verdi 31.12.
Hjallarhornet Radio AS	10	500	5 000



Noter

Granvin Kulturhus AS

Note 2 Offentlige tilskot

Tilskot til drift/investering	2021
Tilskot frå Seljord Kommune (løyve til framsyning av Rui-jentun)	15 000
Tilskot frå Seljord Kommune (kompensasjon tapt omset. pga. covid. Statlege midlar)	300 000
Tilskot frå Seljord Kommune (bygdekino)	100 000
Tilskot frå "Huset i bygda" (Noregs Ungdomslag for levande lokalkultur)	183 750
Sum offentlege tilskot	598 750

Note 3 Lønskostnader

Lønskostnader	2021	2020
Løningar	3 136 492	2 553 865
Arbeidsgjevaravgift	348 234	269 215
Pensjonskostnader	187 609	132 736
Styregodtgjøreelse	30 500	26 500
Andre ytingar	137 756	111 150
Refusjon sjukepengar/ Andre refusjonar løn	-186 009	-149 183
Sum	3 654 582	2 944 283

Gjennomsnittleg tal på årsverk har i 2021 vore ca. 6.

Note 4 Obligatorisk tenestepensjon

Selskapet er pliktig til å ha obligatorisk tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Det er inngått avtale med Storebrand om innskotspensjon ITP for verksemda sine faste tilsette. Det er og inngått sluttvederlagsordning og sliterordning via Fellesordninga for AFP.

Selskapet oppfyller dermed krava i loven for regnskapsåret 2021.

Av den kostnadsførte pensjon i år, utgjør innrapportert pensjon totalt kr 183 625.



Noter

Granvin Kulturhus AS

Note 5 Bundne midlar

Det er avsett på eigen konto for bundne midlar kr 137 004 i skattetrekk pr 31.12. Skuldig skattetrekk pr 31.12 var kr 137 004.

Note 6 Anleggsmiddel

	Maskiner Inventar	Bygg	Kunst/ Utmyking / Tomter	Sum
Kostpris 01 01	8 479 507	42 072 494	706 235	51 258 236
Tilgang i år	145 678	93 998	0	239 676
Tilgang i år justert mva	472	559	0	1 031
Avgang i år	0	0	0	0
Kostpris 31 12	8 625 657	42 167 051	706 235	51 498 942
Nedskrive med tilskott/gåve tidl. år	1 759 550	13 163 975	158 033	15 081 558
Nedskrive med tilskott i 2021	0	793 181	0	793 181
Grunnlag avskrivingsatts	6 866 107	28 209 895	548 202	35 624 204
Akk. avskrivningar 01 01	5 660 457	9 124 799	6 726	14 791 982
Avskrivningar i år	256 675	764 932	2 600	1 024 207
Akk. avskrivningar 31 12	5 917 132	9 889 731	9 326	15 816 189
Bokført verdi 31 12	948 975	18 320 164	538 876	19 808 015
Avskrivingsatts	2% -30%	2%-10%	0%-10%	

Tilgang på bygg, maskiner og inventar på tilsammen kr 1 031 i år gjeld aktivering av tilbakeført mva som følge av justeringsreglane.

Note 7 Ytingar/godtgjersle til dagleg leiar, styret og revisor

Lønn til dagleg leiar og styre	Lønn	Styrehonorar
Dagleg leiar	726 116	0
Styrelleiar	0	15 000
Styremedlemmer	0	15 500
Sum	726 116	26 500

Revisor	2021	2020
Revisjon	46 700	65 487
Andre tenester	1 150	3 025
Sum	47 850	68 512

Beløp er eksklusive mva.

Granvin Kulturhus AS

Org.nr: 999 640 052



Noter Granvin Kulturhus AS

Note 8 Langsiktig gjeld/ Pantesikring

Gjeld som forfell meir enn fem år etter at rekneskapsåret er slutt:	2021
Lån Kommunalbanken	-16 716 040
Sum anna langsiktig gjeld	-16 716 040

Bokført verdi av eigendelar som er sikra ved pant for denne gjelda er:	2021
Anleggsmiddel	19 808 015
Sum	19 808 015

Seljord Kommune har garantert for lånet med sjølskyldnarkausjon kommunesak 38/19, jamfør kommunestyresal 38/18, 24.05.2018 og fylkesmannens godkjenning datert 07.08.2018 (Ref. 2018/2625)

1. Seljord Kommune tak pant i eigedomen til Granvin Kulturhus AS, gnr 45 bnr. 19 pålydande garantibeløpet.
2. Om Seljord Kommune må inn og dekkje betalingsforpliktingar som garantist, kan kommunen trekkje frå same beløp på betalingar for leige og tilskot til Granvin Kulturhus AS.

Note 9 Aksje eigarar

Aksjekapitalen i Granvin Kulturhus AS pr 31.12.:

	Antall	Pålydande	Bokført
Sum	8 900	460	4 094 000

Eigarar	Aksjar	Eigarandel
Seljord Kommune	2 550	28,6%
Seljord Idrettslag	2 000	22,4%
Seljord ungdomslag	2 000	22,4%
<u>Andre</u>	<u>2 350</u>	<u>26,6%</u>
Sum	8 900	100,0%

Tidlegare lutkapital er nytta som tingsinnskot ved stiftinga av nytt AS i 2013

Innbetalt i kontantar	5 055 000
Konvertert gjeld	2 000 000
<u>Dugnad o.l.</u>	<u>1 876 000</u>
Sum tidlegare lutkapital	8 931 000

Fordeling i nytt AS	
Dekt inn udekt tap pr 31.12.12	3 821 000
Aksjekapital	4 094 000
<u>Overkurs</u>	<u>1 016 000</u>
Sum nytta tidlegare lutkapital	8 931 000

Granvin Kulturhus AS

Org.nr: 999 640 052



Noter
Granvin Kulturhus AS

Note 10 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital Per 01.01	4 094 000	130 876	0	4 224 876
Årets resultat		-1 072		-1 072
Per 31.12.	4 094 000	129 803	0	4 223 803



Telerevisjon AS

Til generalforsamlinga i
Granvin Kulturhus AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert Granvin Kulturhus AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 1 072. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.



Telefon 24 20 12 00
post@telerevisjon.no
www.telerevisjon.no

Avd. Seljord
Postboks 119
3835 Seljord

Avd. Rjukan
Sam Eydes gate 93 B
3660 Rjukan

Avd. Oslo
Enggebrets vei 3
0275 Oslo

Foretaksregisteret: NO 990 174 873 MVA - Godkjent revisjonsselskap - Autorisert regnskapsførerselskap

13/4 22
α



Telerevisjon AS

Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett driftføresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.




Telerevisjon AS

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og nå revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Seljord, 11. april 2022
Telerevisjon AS


Kristian Espeland
statsautorisert revisor, MBA